

Hundeskila er sparka og rivne ned for 3. gong på tre år.

06.12.2018



To hundeskilt i hage langs Uskedalsvegen er vandaliserte, og det har for 3. gong på tre år.

Audhild Lie og Magne Grindheim er plaga med at hundeskila vert sparka eller rivne ned og det har for tredje gong på tre år. Eigendomen deira ligg langs Fylkesvegen og Magne gjer alt han kan for å halda ein fin hage utan hundeskit. Hundeskila har god effekt og ekteparet forventar at skilta får vera i fred utan vandalismisme.

Innlegg om hundar, hundeskit og attlagde posar langs vegene er ein gjengangar på nettsida. No gjeld det hundeskila med teksten LUFT GJERNE HUNDEN, MEN IKKJE HER. I Uskedalen finn vi desse skilta mellom anna på Brekketoppen, i Geilo og langs Uskedalsvegen. Skilta har god effekt og det er registrert mindre hundeskit i private hagar. Ein viktig føresetnad for at dette skal fungera, er at alle syner respekt og lait skilta stå slik eigarane vil ha det.

Audhild Lie fortel til Uskedalen.no at dei har brukt hundeskilt i tre år. Skilta er kjøpte på Europris og kostnaden er kr. 70,- pr. skilt. Det er tredje gongen at skilta vert skada og rivne ned. Etter den siste hendinga i 2018 monterte Magne skilta med sterke skruer festa frå begge sider. Han valde å brukha ein større og sterkare stolpe. Likevel vert skilta vandaliserte.

Audhild Lie og Magne Grindheim bed om at skilta får stå i fred utan å verta øydelagde kvart år.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal